

# ÅRSRAPPORT 2022

Ulstein Næringsforum (UNF) vart stifta 27. mai 2019 som ei vidareføring av Ulstein Næringslag (UNL), og har etablert mål og strategiar som skal femne om alle næringsutøvarar i Ulstein. UNF er registrert som ei foreining Brønnøysundregistra med organisasjonsnummer 918 610 928 MVA.

## FØREMÅL

Ulstein Næringsforum (UNF) skal sette dagsorden for, fremje og samordne næringsinteressene i Ulstein Kommune på tvers av bransjar og mellom næringsliv, academia og offentlig verksemd.

UNF skal arbeide for vekstkraft, eit robust næringsliv, bu- og besøkslyst, kort oppsummert:

- I. Eit sterkt og robust næringsliv
- II. Ein sterk regional posisjon
- III. Eit aktuelt og relevant Ulstein

Dei varige vanskane for skipsbygging og annan maritim industri har vist at det er viktigare enn nokon gong å få satt dagsorden for korleis Ulstein skal kunne utvikle seg med tanke på bulyst, rekruttering, vidareutvikling av eksisterande verksemder og å tiltrekke seg nye.

## MEDLEMSTAL OG – SAMANSETNING

UNF hadde ved utgangen av 2022 rundt 90 medlemsverksemder/-organisasjonar. Nokre få har avvikla/meldt seg ut og nokre nye er komne til.

Desse verksemdene omsette i 2019 for 9,065 mrd. Og hadde 4100 tilsette. (I 2018 var tala 8.4 mrd. og hadde 3.400 tilsette).

## TILSETTE

Det var ved inngangen av 2022 to tilsette fordelt over to årsverk i foreininga, ein dagleg leiar og ein prosjektleiar. I slutten av mars 2022 sa dagleg leiar opp og prosjektleiar gjekk over i stilling som konstituert dagleg leiar. I juni gjekk konstituert dagleg leiar inn i fast stilling som dagleg leiar, og ved utgangen av 2022 hadde foreininga 1 årsverk tilset.

## VIRKEOMRÅDE

UNF sitt verkeområde er Ulstein kommune, men engasjementet strekk seg utanfor kommunen om det gagnar medlemene. Det er også viktig å nemne at nokre medlemmer er regionale, med registrert forretningsadresse i andre kommunar, men med avdeling eller betydeleg aktivitet i Ulstein.

## EIGARSKAP/ENGASJEMENT I ANDRE ORGANISASJONAR

1. Skaparhuset:  
Dagleg leiar sit i styret for foreininga.
2. NæSS (Næringsforeiningane på Søre Sunnmøre):  
Dagleg leiar er medlem i styringskomiteen i NæSS, eit nettverk av næringsforeiningane på Søre Sunnmøre.

## **SKAPARHUSET**

UNF er medlem og medskipar av Skaparhuset i Ulsteinvik saman med MAFOSS, ÅKP, iKuben, Høgskulen i Volda, Ulstein Vidaregåande/Møre og Romsdal Fylkeskommune, Sparebanken Møre og Ulstein kommune. Skaparhuset er ein samskapingsarena midt i Ulsteinvik sentrum. Dagleg leiar representerer UNF i styret for Skaparhuset.

-----

## **GENERELT OM 2022**

For UNF bar 2022 preg av mange endringar: nye kom inn i styret, det kom på plass ein ny dagleg leiar og ein var nøydd til å justere kursen etter to år med korona og følgene av det. Igjennom året har det vore jobba mykje med økonomien og å bli kjent med medlemmane for å få betre innsikt i kva deira behov er og korleis UNF kan skape ein enda tettare dialog mellom UNF og medlemmane.

UNF har gjennom heile året jobba tett med Ulstein kommune i mange sakar, i tillegg til å vere tettare på dei andre næringsforeiningane og kommunane i fylket for å få innsikt i og lytte til kva som rører seg. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom 2022 peikt på rekruttering og bulyst som reelle utfordringar for mange kommunar og bedrifter i fylket vårt. Mykje av det arbeidet som har blitt lagt ned i 2022 håpar vi vil gjere Ulsteinsamfunnet i stand til å møte desse utfordringane på ein god måte framover.

-----

## **MEDLEMSMØTER**

Vi har hatt fleire medlemsmøter gjennom året der alle bransjar har vore involvert. I tillegg har vi starta opp «Morrakaffe» som eit fast månadleg møtepunkt for handel-, service- og restaurantbransja.

## **REISELIV**

UNF har delteke i Ytre Søre Sunnmøre-prosjektet, som i 2022 var i sitt avsluttande år. UNF har representert næringslivet i Ulstein gjennom workshops, konseptmøter og utviklingsmøter og jobba vidare med prosjektet Visit Ulstein, der fokus ligg på å løfte fram reiselivsnæringa i Ulstein gjennom aktivitet, koordinering og marknadsføring. Det er planlagt eit større reiselivsprosjekt for heile Søre Sunnmøre i 2023 der UNF er i tett dialog med Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og Ulstein kommune for å sikre god oppfølging av bedrifter og eit aktivt reiseliv i Ulstein.

## **MARKNADSFØRING/INFORMASJONSARBEID**

UNF ser at mykje av rolla til Næringsforumet er å fortele om det som skjer i Ulsteinvik og lyfte opp og fram det unike tilbodet og dei flotte moglegheitene her. For å nå ut til eit stort og mangfaldig publikum har UNF to nettsider og 8 sosiale kanalar fordelt på LinkedIn, Facebook og Instagram.

I opptakta til jula 2022 hadde UNF fokus på dei lokale handelsbedriftene. Det vart laga instagramfilmar og bilete av bedriftene og folka bak som blei lagt ut på Facebook og Instagram. Denne kampanja fekk mykje merksemd og vert godt teken i mot. Det vart også gjennomført ein adventskalender i sosiale medier samarbeid med Ulstein Arena og Sjøborg. Ein nisse var på besøk på ulike plassar rundt omkring i Ulsteinvik sentrum i løpet av desember. Denne kampanja fekk mykje merksemd og det var ein flott måte å vise fram sentrum på.



## KOMPETANSEHEVING

UNF har samarbeida med medlemmar i å arrangere frukostmøter gjennom heile året. Desse uformelle møtestadane har som mål å sørge for reell kompetanseheving hos medlemmar, i tillegg til å møtast i ei litt uformell setting der ein kan bli kjent over ein croissant og ein kaffe og få meir kunnskap om kva som gror i Ulsteinvik.

## NæSS

UNF var ein av initiativtakarane til at leiarane i næringsforeiningane på Søre Sunnmøre (NæSS) møtast for å drøfte utfordringar som er felles for alle. I 2022 var det utskiftingar i UNF og Herøy Næringsforum, men gjennom året var det framleis god møteverksemd i NæSS og samarbeid på tema som samferdsel og reiseliv, samstundes som det vart avtalt at ein skal bruke 2023 på å gå saman om eit felles løft for Søre Sunnmøre.

## CO-WORK

UNF, Skaparhuset og Ulstein kommune starta i fellesskap opp forprosjektet Co-Work i bygdebyen Ulsteinvik basert på midlar dei søkte om hos Møre og Romsdal fylkeskommune. Målet med forprosjektet som avsluttast i løpet av sommaren 2023, er å avdekke moglegheitane for å starte opp ein co-work i Ulsteinvik sentrum knytta opp mot kompetansemiljøet i Sjøgata 32 (Skaparhuset, UNF, HoppID, ÅKP). Gjennom 2022 har det vore pilotering med over tjue interessantar for å avdekke behov og moglegheitar, innhenting av kunnskap frå andre co-works i fylket.



## LEIARKONFERANSEN

Årets Leiarkonferanse «Future Focused Leadership» gjekk dette året av stabelen i juni i stadenfor på hausten. Det var fyrste gong utan dei store covid-begrensningane som ein hadde sett dei føregåande åra. Vi fekk på plass nye sponsorar dette året, i tillegg til at vi var så heldige å ha med nokre vidare. Det var til saman ca. 100 deltakarar og konferansen gjekk for fyrste gong i overskot.



## SHIP TECHNOLOGY DAYS

UNF arrangerte Ship Technology Days for fyrste gong i september 2022. Den rettar seg mot ingeniørar, forskarar og designarar – dei som gjerne ikkje reiser på salsmesser og andre store maritime arrangement. Dette var eit samarbeid med E-LASS og GCE Blue Maritime. Det vart eit godt gjennomført og vellukka arrangement med deltakarar frå heile Europa, som over tre dagar i Ulsteinvik fekk delta på industribesøk i Ulstein og Hareid og fekk to seminardagar med fokus på lettvektstematikk og kva som skjer innan forskning og utvikling i den maritime klynga på Sunnmøre.



## SENTRUMSUTVIKLING

UNF har hatt ein aktiv rolle opp mot Ulstein kommune og sentrumsutvikling, og har i 2022 jobba spesielt med å få på plass Juleparken på nedsida av Sjøgata ved Skaparhuset. Denne lot seg realisere etter støtte frå Sparebanken Møre og Sparebank1 Søre Sunnmøre. Det er planlagt eit større prosjekt knytta til julegate i Ulsteinvik for 2023. UNF har også jobba tett opp mot Møre og Romsdal Fylkeskommune om meir ressursar knytta til sentrumsutvikling.



## **ULSTEIN KOMMUNE**

UNF og Ulstein kommune jobbar tett saman om m.a. reiseliv, bulyst og sentrumsutvikling, og starta opp eit prosjekt kalla Remote – som seinare vart omgestalta til co-work prosjektet vårt. Vi har delt på ein trainee som er masterstudent ved NTNU og delteke i ulike fora saman, som på Innovasjonsfestivalen i Åndalsnes og i dialog med Møre og Romsdal fylkeskommune, der vi har representert kommune, næringsliv og organisasjonar i Ulstein.

## **TREBAATFESTIVALEN**

UNF er største bidragsytar til Trebaatfestivalen. Festivalen vart arrangert i august 2022. UNF har inngått avtale med Trebaatfestivalen som skal sikre at Trebaatfestivalen held fram som den årlege folkefesten han er blitt. Avtalen er i sitt siste år i 2023.

## **ØKONOMI**

Etter to vanskelege korona-år har UNF no ein sunn økonomi og gjekk med overskot i 2022. Det har vore ein ryddeprosess, og det er derfor vi har gått med overskot. Meir informasjon om økonomi i «Årsrekneskap 2022».

Ulstein Næringsforum Sjøgata 32  
6065 Ulsteinvik

[www.ulstein-nf.no](http://www.ulstein-nf.no) [post@ulstein-nf.no](mailto:post@ulstein-nf.no) org.nr. 918610928



ULSTEIN  
NÆRINGSFORUM